



ALVER

K O M M U N E

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Innsendt	14.09.2022 21:45:17
ReferanselD	ALV0039-1044944
Innsendar	
Innspel til <input type="checkbox"/> planprogrammet <input checked="" type="checkbox"/> arealdel	
Innspel på vegne av <input checked="" type="checkbox"/> Privat person <input type="checkbox"/> Verksemd	
Privat person	
Namn Morten Helland	
Adresse Selfallet 60A	
Postnr/sted 5936 MANGER	
Mobil 99254739	
Epostadresse mmhelland@hotmail.com	

Arealdelen

Generelle innspel til arealdelen

Generelle innspel

Eigedomsopplysningar (viss aktuelt)

Gards- og bruksnummer
445/9

Ønskja framtidig tiltak/arealføremål

Skildring

Innsel til nytt LNF-spredd område på gbnr. 445/9.

Arealet som vert foreslått som LNF-spredd er eit areal som ligg i nær tilknytning til eksisterande bustadar på blant anna gbnr. 445/236 og 445/199, samt direkte tilknytning til bustadfeltet selfallet.

Det kan sjåast på som ei utviding av eit allereie bebygd område.

Arealet har gode kvalitetar og har etter min vurdering stor verdi som eventuelt bustadareal. Selfallet bustadfelt er så godt som ferdig utbygd, og det er ikkje tilgang på fleire tomtar her.

Det finnes godt utbygd infrastruktur i direkte nærleik til arealet. Arealet har tilgang til privat veg rett vest for arealet og vidare til offentleg veg ca. 300m.

Det går vannledning som er mogleg å koble seg på gjennom arealet som er foreslått, og moglegheit for påkobling for avløp i direkte nærhet.

Terrengtilhøva i området er godt egna for bustadbygging

Det er gangavstand (ca. 2km) frå arealet til Manger sentrum, der ein finn skule, barnehage, butikkar, fritidstilbud osv.

Arealet ligg mindre enn 100m frå sjø. Arealet som ligg mellom dette arealet og sjø er allereie utbygd med naust på gbnr. 445/158 og bustad på 445/199.

Der det ikkje er utbygd er det høgt og uframkommeleg frå arealet og ned til sjø.

Eventuelt nye bustadar på arealet vil då ikkje på nokon måte hindre adgang til sjø for allmennheten.

Arealet er per i dag landbruksareal. Delar av arealet er nytta til slåttemark ca. 500kvm av ca.

3000kvm. Arealet er ikkje veldig godt egna til maskiner i dagens landbruk

med dagens standard. Det er mogleg å tilpasse eventuelle bustadar innanfor arealet på ein sånn

måte at ein ikkje tar noko av det arealet som per idag vert nytta som

slåttmark. Det er ikkje gardsdrift på gbnr. 445/9 i dag, arealet vert leigd ut som slåttemark og vert ikkje beita.

Det er såvidt eg ser ikkje tilgang på tomtar i LNF-spredd bustadområde i direkte nærleik til område.

Eventuelle vedlegg

Vedlegg

Vegtilkomst.pdf

Topokart.pdf

Ortofoto.pdf